

Radar

2011 nr. 1

Kyrkjeblad for Radøy sokn

27.årgang



Sett preg på di kyrkje

Vil du vere med i soknerådet?

Kyrkjevalet
2011

Radøy sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Dagleg leiar Audun Sylta
5634 9840
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest (vikar)
May Irene Wergeland
415 70 582
mayirene@radoysokn.no

Organist J. William Kay
915 91 482
organist@radoysokn.no

Organist Mette H. Hjelmeland
5637 3515

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K. Mjøs
5637 0588

Kyrkjetenar Sæbø
Kjell Fjellsende 5637 1015

Kyrkjetenar Emigrantkyrkja
Kirsten S. Mellingen 5637 2031

Flygel og klarinett i Manger kyrkje

*Onsdag 1.juni
Frode Skag Storheim
og Endre Lindtner Jørgensen*



Onsdag 1. juni kl. 19.30 held Frode Skag Storheim konsert på flygelet i Manger kyrkje. Med seg tek han klarinettisten Endre Lindtner Jørgensen.

Konserten skjer som eit ledd i den utvikling at fleire har etterspurd ein slik konsert i heimkommunen. Like viktig er det at pianisten sjølv kjenner seg moden og vaksen nok til å ha ein slik konsert no.

Programmet er naturleg nok ikkje heilt spikra endå, men at eit flott fantasiverk av Robert Schumann i 5 satsar vil bli spelt, er sikkert. Like garantert er det at Frode tek med seg klarinettisten Endre Lindtner Jørgensen og framfører ei nydeleg klarinettsonate av Johannes Brahms. Elles kjem det nok både eigenprodusert materiale, og kanskje litt Grieg.

Flott og variert vert det i alle fall, så vel møtt til konsert!

Frode Skag Storheim

Besøk i Hordabø 22.mai



Søndag 22.mai kjem det ei gruppe på 25 personar frå ein tysk kyrkjelyd på vitjing til Radøy.

Det er gudsteneste på Hordabø, og reisefylgjet har med sin eigen prest, Manfred Adam, som også snakkar norsk. Han vil halda preika denne dagen. Dei fleste i fylgjet høyrer til ein kyrkje-lyd i Eckernförde heilt nord i Tyskland, ein liten by med 25 000 innbyggjarar. Byen ligg mellom Kiel og Schleswig, heilt ved Østersjøen, og er kjend for si lange og nydelege sandstrand. Johannes Lyngset deltek også på gudstenesta med sang. Velkommen til Hordabø 22. mai!

May Irene Wergeland

Den rette fasten

Er dette den faste eg vil ha:
ein dag då mennesket plagar seg sjølv,
heng med hovudet som sevet,
kler seg i botsdrakt og ligg i oske?
Kallar du dette for faste,
er det ein dag etter Herrens vilje?

Nei, så er den faste som eg vil ha:
at du løyser dei som med urett er bundne,
sprengjer banda i åket
og friar ut dei som er trælka,
ja, knekkjer kvart åk,
at du deler ditt brød med dei som svelt,
og lèt heimlause stakkarar koma i hus,
at du kler den nakne som du ser,
og ikkje sviktar dine eigne.

Jes.58, 5-7

Radøy sokneråd

Leiar: Ludvig Grindheim
5637 0048

Nestleiar: Jannicke
Waldernes Baug
412 68 341

Gunnar Karveit
Britt Jorunn Tjore
Oddvar Stang
Vidar Grindheim
Wenche Instebø Kvamme
Elin Irene Klausen
May-Cecilie Ulsmog (1.vara)
Torstein Sæbø (2.vara)
Astrid Mellingen (3.vara)
Håkon Lunde (4.vara)


Moteplan
sjå www.radoysokn.no
Alle møta er opne.

Kyrkjelydsutvala

Hordabø: Kjell Sekkingstad,
Sølvi Helen Kvalheim Mjøs,
Irene Soltveit.
Frå soknerådet:
Ludvig Grindheim

Manger: Kjell Sekkingstad,
Astrid Mellingen, Magne
Myrtveit, Sølvi Merete
Mangerøy.
Frå soknerådet:
Oddvar Stang

Sæbø: May Irene Wergeland,
Jostein Dale, Olav Marås,
Solbjørg Vatnøy,
Britt Sissel Kvamme.
Frå soknerådet:
Britt Jorunn Tjore



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Face to Face

Så har songen og musikken stilna, og alle orda er sakt i musikalen, Face to Face, som handlar om det å verdsetje venskap og ta vare på kvarandre. Prestane, konfirmantane og foreldra har jobba sidan oktober med å få alt på plass. Det heile starta med eit ynskje om å gjera noko anna for dette konfirmantkullet.



Då ideen var skapt tok ei gruppe til å jobba ideen vidare. Grappa bestod av Jarnfrid Gunnarson, Mette Hjelmeland og Åsmund Stray Nordberg. Frå kyrkjekontoret deltok sjølvsgagt prestane våre og organisten. Så kom det fleire foreldre til etter kvart. Heimane har bidratt med bollebaking og bollane var kjærkomne og ofte høgdepunktet for konfirmantane under øvingane.

“Det har vore ei stor utfordring å driva prosjektet med 76 konfirmantar”, seier Jarnfrid Gunnarson, “men det har vore utruleg kjekt.” Ifølge Jarnfrid har den største utfordringa vore korarbeidet. Dette fordi dei fleste konfirmantane var urøynd med å syngja i kor, og hadde heller ikkje dette høgast på ynskelista. Men det var for få oppgåver, slik at alle kunne ikkje få ynsket sitt oppfylt. Ei foreldregruppe trätte støttande til. Dette gav god hjelp.

I starten var det og ein del negative haldningar, men dette har endra seg undervegs. Det har vore mange morsame hendingar og konfirmantane har tatt mange utfordringar.

“Ligg det noko lærdom i dette?”

“Det er mykje meir utviklande og kjekkare å lære ein bodskap på denne måten, og eg har høyrte konfirmantar seie at dei vil vere meir saman med venner og mindre på “Facebook”, seier Jarnfrid med eit smil om munnen og sender ballen vidare til foreldra i neste konfirmantkull.

Det er sjølvsgagt mange foreldre som har møtt fram for å sjå kva konfirmantane har jobba med i den siste tida. Bjørg og Øivind Skiftesvik synest at musikalen har vore ei flott oppleving. Dei synest at songen var flott og likte best framføringa av “Eg ser” av Bjørn Eidsvåg.

“Dette har vore eit flott opplegg, og det må vere gøy å gjere noko anna enn å sitje på skulebenken” seier Bjørg. “Ja og så lærer dei meir” skyt Øivind inn. Dei er begge einige om at eit slik prosjekt og gjev ein sosial gevinst.



fellestrekk med det som våre konfirmantar har vore med på.

Eg spør korleis konfirmantopplegget var i deira tid. For Bjørg var det undervisning ein time i veka i skuletida. Biskopen var imot at kristendomstimane skulle nyttast, så det var kroppsøvningsfaget som vart nytta. Her var det pugg av salmar, trusartiklar og buda. Elles deltok ho i TenSing, som var ein del av konfirmantopplegget. Dette opplegget har

Øivind stilte i kyrkja ein gong i veka og hadde tradisjonell konfirmantundervisning utanom skuletida. Her vart det pugg av buda, salmevers, bibelord og trusartiklar med overhøring på sjølve konfirmasjonsdagen.

Heilt til venstre i koret kan ein ikkje unngå å leggje merke til to strålande, blide jenter. Det har vore ei fryd å sjå kor dei har kost seg, og på denne måten gitt publikum ei fin oppleving. “Det har ikkje vore slik heile tida” seier Susanne og Renathe. “I starten synest me det var kjedeleg. Dette kanskje fordi me trudde det kom til å verta kjedeleg, men no synest me det har vore kjekt.” “Bollane har betydd mykje og så har me vore svært nøgd med frisøren” seier jentene med eit stort smil. “–og så har det vore kjekt å kunne gjera noko saman alle.” Kullet vårt var ganske samansveisa frå før, men denne musikalen har gjort at me står endå meir saman.”



Det vanskelegaste, slik jentene ser det, har vore å setja alt saman til ei heile. Når eg spør kva dei har likt best, kjem det unisont “I Go to the Rock”. Då var det godt at jentene fekk syngja dette nummeret ein siste gong og dette sjølv om solisten hadde forlate åstaden. Jentene synest at det er deileg at alt er over, men kunne gjerne gjort det ein gong til.

Elin Klausen

No er livet betre

Då mamma fekk lån til å starte ei grønsaksbu, fekk Yohana (14) eit heilt nytt liv. Yohana (14) er i si eiga verd medan han traskar ved sida av mor si. Det er tidleg om morgonen, og han er trøtt. Dei skal gå langt for å hente grønsaker til bua på torget.



– Eg hjelper mamma med jobben morgon og kveld. Det er ei glede. Ho gir meg skulepengar, slik at eg kan få utdanning, fortel Yohana. Han bur saman med mor si og tre søsken i landsbyen Chunya i Tanzania. For to år sidan vart mora med i ei VICOBA-gruppe gjennom Kirkens Nødhjelp.

– Då vart livet betre. No har vi råd til mat, klede og skule, fortel den unge guten.

Skaper forandring

VICOBA (Village Community Banks) er spare- og lånegrupper der medlemmene sparer små beløp kvar månad. Pengane blir samla i ein pott, og medlemmene får høve til å ta opp smålån for å investere i inntektsgivande arbeid og ei betre framtid.

– Vi starta arbeidet med VICOBA i 2006. I dag er det over tusen registrerte VICOBA-grupper, fortel Godfrey Walalaze, Kirkens Nødhjelps programrådgjevar i Tanzania. Det er medlemene sjølve som eig ”banken”. Rentene på låna som blir tekne opp, kjem alle eigarane til gode. Slik går overskotet frå prosjektet tilbake til lokalsamfunna. Kirkens Nødhjelp støttar VICOBA-gruppene med opplæring i tillegg til bankboksar og anna materiell.

– Eg blir stadig imponert av menneske som før ikkje har hatt ressursar til å gjere noko ut av livet sitt, men som no reiser seg på VICOBA-møta og fortel den eine suksesshistoria etter den andre: om at dei kan halde barna i skulen, om at dei har skapt seg eit levebrød, og at dei tener pengar, fortel Walalaze.

Viktige forsamlingar

I Tanzania er kyrkja ein naturleg stad å møtast for å ta tak i utfordringar i kvardagslivet. Mange som har vorte med i ei VICOBA-gruppe har høyrte om arbeidet gjennom den lokale forsamlinga si, og mange VICOBA-grupper har òg møta sine i kyrkja, sjølv om VICOBA er eit prosjekt på tvers av religionar.

– VICOBA gir menneske styrke til å tenkje gjennom kva dei treng, og korleis dei kan få tak i det. Ansvaret blir lagt i hendene deira, men vi kan gi dei kunnskap og støtte til å stå opp for sitt eige liv. Vi opplever at VICOBA-gruppene tenner voner, seier Walalaze.

Salatblad og utdanning

Yohana og mora er framme hos bonden der dei skal hente grønsakene. Den unge guten har draumane klare for framtida:

– Etersom mor mi er med i VICOBA, kan eg studere, viss eg jobbar hardt for det. Eg har lyst til å bli politi. Eller jobbe for at landet skal bli meir rettferdig. Demokrati er viktig. Eg vil vere med å gjere Tanzania til ein god stad å leve for mange. I dag er det salatblad som skal berast tilbake til torget. Flaks! Stort volum, men lett å bere. Yohana smiler og myser mot sola. Denne dagen skal bli god.



Ta vel imot konfirmantane tysdag 12.april frå kl 17!



11.–12. september 2011 er det kyrkjeval

Vil du vere ein av kandidatane når nytt sokneråd skal veljast?

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien. Her er nokre eksempel på ansvarsområda til soknerådet

- Trusopplæring blant døypte mellom 0–18 år
- Diakonal teneste (omsorgenesta i kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Samarbeid med frivillige
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden

Kven er med i soknerådet?

Ulike menneske med ulike meiningar samlar seg om å gjera kyrkja tydeleg, synleg og relevant i lokalsamfunnet. Radøy sokneråd har 8 faste medlemmer og 5 varamedlemmer. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta.

Kva krevst av meg?

For å kunne stille til val må du vere medlem av Den norske kyrkja, altså døypt, og du må minst fylla 18 år i år. For at veljarane skal få vite mest mogeleg om kandidatane må du fortelje kven du er når det gjeld arbeidserfaring og interesser. Det er også viktig at du seier tydeleg frå om kva saker og arbeidsområde du vil prioritera i kyrkjelyden din.

Kor mykje arbeid inneber dette?

Sokneråda møtest 3–5 gonger i halvåret; det varierer etter kor stor kyrkjelyden er, og kva saker rådet for tida er opptekne med. Dei aller fleste som sit i eit sokneråd, opplever at vervet ikkje krev mykje av fritida deira; dei fleste nyttar mindre enn ein time i veka på vervet. Medlemmene er valde for fire år.

Kan eg gjere ein skilnad?

Som medlem i soknerådet kan du fremja dei sakene du sjølv synest er viktige, og på den måten påverke utviklinga i lokalsamfunnet ditt. Du kan involvera deg på felt som du har erfaring med eller interesserer deg for. Ei undersøking blant soknerådsmedlemmer viser at eit stort fleirtal både trivst og opplever det som meningsfylt å sitja i soknerådet. 85 prosent av rådsmedlemmene synest vervet var meir eller om lag så tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Framleis i tvil? Her har du ti gode grunnar for å seia ja:

1. Du medverkar til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert ein del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan syta for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan syta for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreerfaring som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv

I år feirar vi påske i Hordabø kyrkje



Me er no midt inne i fastetida. Ei tid som me veit sluttar med kanskje det mest dramatiske som skjer i kyrkja, med skjærtorsdag, langfredag og ikkje minst påskedag der Maria kom til grava og ikkje fann Jesus.

Grava var tom. Kanskje den viktigaste dagen i heile kyrkjeåret.

I fjor bestemte me at alle gudstenestene skulle vera i Manger kyrkje for at me skulle få med oss utviklinga frå skjærtorsdag til påskedag. I år skal gudstenestene vera i Hordabø kyrkje. Me tek til skjærtorsdag om kvelden og avsluttar med kveldsmat. Påskedag begynnar med frukost før gudstenesta. Då vil eg ynskja dykk alle vel møtt til påskefeiringa og ha ei fin fastetid.

Ludvig Grindheim

Konfirmantleir på Sætervik


11. – 13. februar reiste 75 energifulle ungdommar mot leir på Sætervika. Me hadde pakka med oss soveposar, og var klar for lange kveldar og mykje gøy!

Me kom opp til deilig kveldsmat, og fann rom der alle syntest å vera nøgde. Nokon fann biljardbord, og nokon utforska romfordelinga. Me avslutta kvelden med soveposesamling på romma, og alle sovna etterkvart. Lørdagen hadde me litt undervisning, som må til, sjølv om det var ein leir. Me hadde ulike leikar, masse god mat, og snop på kvelden.

Søndagen arrangerte me ei gudsteneste, som alle konfirmantene deltok på. Nokon sang, nokon dansa, nokon hadde preika, og nokon hadde drama. Alle gjorde sitt, og alle var nøgde!

Me hadde ei fantastisk og lærerik helg, og alle ville vera lenger!

Ingrid Karoline Ø. Kvalheim



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Sommarkonsert ved Radøy damekor

Torsdag 27.mai kl 1830 innbyr Radøy damekor til sin årlege sommarkonsert. Programmet er enno under planlegging men kjenner vi koret rett, vil det bli mykje vakker song og musikk!

På koret sitt årsmøte den 3.februar blei desse valde til styret: Elin Klausen, Bjarnhild Myhre, Hilde Lervik Helland, Kristin Kleveland, Berit Kongestøl. Vara: Agnethe Soltveit og Helen Skjerven.

Damekoret sin første CD, "Dråpar", kan kjøpast på kyrkjekontoret, sørvistorget og YX Manger. Pris kr 150.



Songane som er med: Ja-da, Venskap, Å denne kilde, Say A Little Prayer, Danse mot vår, Ved Rondane, Snart er det sommar, The Lord Bless You, Det vackraste, Tir n'a noir, Lean On Me, Ja-da (reprise). Dirigent: J. William Kay. Pianist: John S. Beech.

Høyr smakebitar på www.radoydamekor.no

Konfirmasjonar 2012

Datoane for konfirmasjonsgudstenestene i Radøy i 2012 er som fylgjer:

Laurdag 5.mai Manger
Sundag 6.mai Sæbø
Laurdag 12.mai Sletta
Sundag 13.mai Hordabø

Det er diverre ikkje mogleg for oss å oppgje datoar meir enn eitt år fram i tid.

Vårrydding på kyrkjegardane

Vi set i gong med vårrydding og planting til påske i veke 14/15.

Kyrkjegardsvedtektene for Radøy §5 seier at "Det er ikkje høve til å bruka faste dekorting i plantefeltet. Lys og lykter er tillate om vinteren. Desse må saman med andre lause dekorgjenstandar, fjernast etter bruk."

Dersom de har lys, lykter osv som de ynskjer å ta vare på, må desse fjernast før utarbeidarane set i gong med vårrydding!

Radøy sokn på Twitter

Få gratis varslings om gudstenester, konsertar og andre aktivitetar i kyrkjelyden!



- Du kan bruke din vanlege nettlesar eller spesielle program for å følge oss på Twitter. Du kan òg bruke din mobil. <http://twitter.com/radoysokn>

Ønskjer du å få ei gratis påminning om kvar det er gudsteneste på søndag? Eller når det er duka for ein spanande konsert i kyrkja? Eller ein salmekveld? Eller eigentleg kva som helst som skjer i kyrkjelyden på Radøy?

No kan du det! Radøy sokn har teke i bruk Twitter. Twitter er ein nettstad for mikroblogging og er det raskast aukande, sosiale mediet i verda målt i tal på brukarar. Radøy kommune har brukt tenesta ei god stund med god erfaring. No vil kyrkjefolket på Radøy kunne få oppdatert informasjon om kva som skjer i kyrkjene.

Vi vil melda om små og store hendingar og nyhende på vår twitter-side www.twitter.com/radoysokn

Du kan bruke din vanlege nettlesar, andre Twitter-program eller mobiltelefonen din for å følgje oss!

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
14.11 25.sundag etter pinse	Kristent interkulturelt arbeid	853,50
21.11 siste s.i kyrkjeåret	Senter for livsmestring	985,50
28.11 1.sundag i advent	Trusopplæring i Radøy	1845,00
05.12 2.sundag i advent	Kyrkjelydsarbeid i Radøy	3849,00
12.12 3.sundag i advent	Kyrkjelydsarbeid i Radøy (offer julekonsert)	3675,50
	Kyrkjelydsarbeid i Radøy (offer julekonsert)	4767,50
19.12 4.sundag i advent	Kyrkjelydsarbeid i Radøy	2361,00
24.12 julaftan	Kirkens nødhjelp	7421,50
	Kirkens nødhjelp	3276,00
	Kirkens nødhjelp	10181,00
	Kirkens nødhjelp	8603,00
	Kirkens nødhjelp	3077,00
25.12 1.juledag	Det norske misjonsselskap	2823,00
02.01 Kristi openberringsdag	Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet	719,00
09.01 1.s.e. Kr.openberring	Institutt for sjelesorg	835,50
16.01 2.s.e. Kr.openberring	Kyrkjelydsarbeid i Radøy	1979,50
23.01 3.s.e. Kr.openberring	Kristent interkulturelt arbeid	881,00
28.01 & 29.01 (Konf.musikal)	Trusopplæring i Radøy	14524,50
30.01 4.s.e. Kr.openberring	Kirkens SOS i Bjørgvin	680,00
06.02 5.s.e. Kr.openberring	Det norske Bibelselskap	2168,00
	Det norske Bibelselskap	1104,00
13.02 Vingardssundagen	Det teologiske menighetsfakultetet	1165,00
20.02 Såmannssundagen	Det norske Bibelselskap	3930,00
	Trusopplæring i Radøy	1316,00
27.02 Kristi forklaringsdag	Trusopplæring i Radøy	893,00

Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk): kr 16.632,50
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0–18 år): kr 18.578,50
Offer til andre organisasjonar: kr 48.703,00

Nye priser på tenester frå 1.januar 2011

Festeavgift for graver under 60 år: kr 150 pr.grav pr.år, vert krevd inn kvart 5.år
Festeavgift for graver over 60 år: kr 300 pr.grav pr.år, etter søknad til soknerådet
Gravstall: kr 1100 pr.gravstad pr.år, vert fakturert på forskot.

- Prisar for andre tenester kan ein finna på radoysokn.no eller ved å kontakte kyrkjekontoret.

Korarbeid i kyrkjelyden

Sæbø barnekor

Kontaktpersonar

Marta og Roald Hvidsten 5637 0488

Irmelin Hordvik eihordvi@online.no

Barnekoret Baluba

Kvar onsdag 1730–1815 Manger kyrkjestove

Kontaktperson

Elin Klausen 951 36 562

Hordabø barnekontori

Kontaktperson

Sølvi Helen Kvalheim Mjøs 5637 0588

Radøy damekor

Kvar torsdag 2000–2200 Manger kyrkje

Kontaktperson Elin Klausen 951 36 562

Ta gjerne kontakt med korleiarane for meir informasjon

Familiennytt

Døpte



28.11.2010 Amanda Golten
28.11.2010 Sander Villanger
28.11.2010 Jonas Vetaas Vangberg
19.12.2010 Sarah Lunde Kvalheim
09.01.2011 Emmelinn Sagstad Ohnstad
16.01.2011 Elida Vågenes Mikkelsen
06.02.2011 John-Martin Lygren
06.02.2011 Linn-Karin Vakt skjold Soltveit
06.02.2011 Max Sebjørnsen Rath
20.02.2011 Jonathan Wergeland Mellingen
20.02.2011 Maria Kolstad Jensen
20.02.2011 Leander Nøttveit Nepstad
13.03.2011 Leander Namtvedt
20.03.2011 Rafael Fernando
Johnsen Silva

Døde



21.11.2010 Vilhelm Marøy
29.11.2010 Reidar Bertin Bø
05.12.2010 Rakel Mangerøy Haugland
17.12.2010 Harald Askeland
18.12.2010 Sigmund Håkon Hammer
03.01.2011 Kitty Helle
05.01.2011 Bertin Helle
15.01.2011 Olav Kartveit
31.01.2011 Aud Elly Kolås
04.02.2011 Lill Margareth Bjørkelund
02.02.2011 Oline Myrtveit
19.02.2011 Olga Bø
24.02.2011 Sverre Myrtveit
01.03.2011 Rolf Kristiansen
08.03.2011 Karl Bertin Magnesen Taule



Vigde

05.03.2011 Judit Astrid Eltervåg og
John Magne Øglend

Korleis har du det egentleg?

Kirkens SOS
815 33 300
www.kirkens-sos.no



**MANGER
GRAVMONUMENT**

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

KVALHEIM VVS
AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA

Postboks 1 - 5931 MANGER



Tlf 5637 4073
Måndag - fredag 0900-1630
Laurdag 1000-1400



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

Vi ordner alt vedrørende
dødsfall i distrikt og by.

DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no



HENRY RATH
AUTORISERT ELEKTROINSTALLATØR

5939 SLETTA

Tlf 56 37 21 08 Tlf 970 94 785
Henry@Rath.no Tlf 56 37 11 95



**MTI
IT SERVICE**



VatneBegravelsesbyrå AS

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
Tlf 56 35 16 61 - Kontor

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

BYGGER'N

Stevnebø Byggevarer
8-16/10-14 - Tlf. 56 34 94 60



SparebankenVest

REMA 1000
bare lave priser

Manger Senter
09-22 (20) 5637 2255

Catering
Samfunnshuset Skogen LL
Mat til alle anledninger som
begravelser, konfirmasjon, årsdager.
Snitter, koldtbord, middag mm
Be om pristilbud på
Tlf. 56372236/ 90774250

**Geir Kvalheim
Glasservice**
5936 Manger — 56 37 03 71
Alt i glass, dører og vinduer

Smiths

møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS

5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

søndag 20. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 27. mars	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 3. april	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 10. april	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 17. april	1100	Manger kyrkje. Familiemesse.
torsdag 21. april	1900	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
fredag 22. april	1900	Hordabø kyrkje. Pasjonsgudsteneste.
søndag 24. april	1100	Hordabø kyrkje. Familiemesse.
søndag 1. mai	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
laurdag 7. mai	1100	Hordabø kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
laurdag 7. mai	1300	Hordabø kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
søndag 8. mai	1100	Manger kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
søndag 8. mai	1300	Manger kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
laurdag 14. mai	1100	Sæbø kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
laurdag 14. mai	1300	Sæbø kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
søndag 15. mai	1100	Emigrantkyrkja. Konfirmasjonsgudsteneste.
søndag 15. mai	1300	Emigrantkyrkja. Konfirmasjonsgudsteneste.
tirsdag 17. mai	1000	Manger kyrkje. Familiegudsteneste.
tirsdag 17. mai	1100	Sæbø kyrkje. Familiegudsteneste.
tirsdag 17. mai	1115	Hordabø kyrkje. Familiegudsteneste.
tirsdag 17. mai	1230	Emigrantkyrkja. Familiegudsteneste.
søndag 22. mai	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
torsdag 27. mai	1830	Manger kyrkje. Sommarkonsert ved Radøy damekor.
søndag 29. mai	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
onsdag 1. juni	1930	Manger kyrkje. Flygelkonsert ved Frode Skag Storheim.
torsdag 2. juni	1100	Solenfjellet. Friluftsgudsteneste.
søndag 5. juni	1100	Tjorehagen. Friluftsgudsteneste.

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.

Gå til radoysokn.no. Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene Strilen og Nordhordland.

Redaksjon: J. William Kay, Britt Jorunn Tjore, Elin Klausen, Ludvig Grindheim

Utforming: J. William Kay • E-post: radar@radoysokn.no

Bilete: Ingrid Karoline Ø. Kvalheim, Elin Klausen, Kirkens Nødhjelp

Trykk: Trykk Service A/S Knarvik

Neste nummer av Radar kjem ut i juni 2011 (veke 23). Frist for innsending av artiklar/bilete er 10. mai 2011.



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Sett preg på di kyrkje

Vil du vere med i soknerådet?

Kyrkjevalet
2011

Radøy sokn